



Kommuneprogram for Oslo Arbeidarparti

2015–2019

1. OSLO SKAL VERE VERDAS BESTE BY Å BU I FOR ALLE	1
2. EIN BY SOM VEKS	2
Fleire bustader	3
Eit ekstra løft der utfordringane er størst	4
3. DEN GRØNE BYEN	5
Klimanøytrale Oslo	5
Kollektivløysingar for framtida	5
Sykkelbyen	6
Ein grøner bilpark og eit effektivt vegnett	7
Byen mellom marka og fjorden	7
4. BARNAS BY	9
Ein god start varer heile livet	9
Kunnskap gir moglegheiter	9
Attraktiv ungdomstid	11
5. BYEN SOM TEK VARE PÅ DEG	12
Den gode byen å bli eldre i	12
God helse gir livskvalitet	13
Tiltak mot arbeidsledigheit	13
Ei verdig rusomsorg	14
Den trygge byen	15
6. DEN LEVANDE BYEN	17
Aktivitetsbyen	17
Kulturbyen	18
Ein betre kommune	19
7. DEN SKAPANDE BYEN	20
Frå idear til etablering	20
Eigedomsskatt	22

1.

2. Oslo skal vere verdas beste by å bu i for alle

Kjære Oslo-borgar. Vårt Oslo skal vere verdas beste by å bu i. Byen vår er ein levande og mangfaldig by som gir oss som bur her, mange moglegheiter. Oslo er òg ein av dei raskast veksande byane i Europa. Folk flyttar hit for å utdanne seg og for å jobbe. Fleire vel òg å bu i Oslo heile livet. Det fører til at vi i løpet av dei neste 20 åra vil bli 200.000 fleire. Vi er glade for at så mange ønskjer å bu i Oslo. Men det stiller samstundes store krav til at vi planlegg for veksten slik at Oslo blir verdas beste by å bu i for alle – heile livet.

Oslo har ein flott natur, eit pulserande kulturliv, store kunnskapsinstitusjonar og eit variert og initiativrikt næringsliv. Utvikling, mangfald og kreativitet eksisterer side om side og gir oss spanande moglegheiter til arbeid, opplevingar og fellesskap.

Å skape ein storby og ein hovudstad som skal vere verdas beste å bu i, krev at vi utnyttar moglegheiter, skaper tryggleik, løyser utfordringar og planlegg for vekst. Politikken vår vil gi ein sterk og ansvarleg byøkonomi, ein by som gir velferd til alle, ein by som er grøn og klimasmart, og ein by som er mangfaldig og fri for diskriminering.

Vårt Oslo skal vere ein skapande by som gir grunnlag for å styrkje velferda og utvikle byen som kunnskapssentrum. Vi vil skape fleire arbeidsplassar i velferdssektoren og leggje til rette for at bedrifter lettare kan etablere seg. Kunnskapsbyen Oslo skal bli enda meir konkurransedyktig og skape dei mange jobbane som ikkje finst i dag. Dei skapande og kreative kreftene som gjer Oslo til ein spanande kulturby, skal få meir rom, og saman med eldsjeler over heile byen skal vi utvikle ei sterkare dugnadsånd gjennom det frivillige engasjementet.

Vårt Oslo skal vere ein by som gir velferd til alle uavhengig av bustad eller utgangspunkt i livet. Alle skal kjenne seg trygge på at dei blir tekne vare på i ulike fasar av livet. Nok barnehagar og eit trygt og føreseieleg barnehagetilbod basert på god kvalitet og nok tilsette gir barn ein god start i livet. Fleire dyktige lærarar i moderne klasserom med trygge læringsmiljø er føresetnader for god læring. Ungdom skal få tilbod om ei aktiv ungdomstid, og eldre skal ha tryggleik for ein god alderdom. Gode byrom som oppmodar til aktivitet og samvær, gir gode opplevingar og er godt for folkehelsa. Vi må stille meir opp for kvarandre i alle fasar av livet, slik at einsemda ikkje får fotfeste.

Vårt Oslo skal vere ein grøn og klimasmart by, og vi har høge ambisjonar om å redusere klimautsleppa. Urbaniseringa er ikkje ei klimautfordring, men kan vere ein del av løysinga på

klimaproblemet. Oslo skal bli ein klimanøytral by, og kollektivtrafikk, gåande og syklistar skal bli prioriterte. Befolkningsveksten krev nye og effektive transportløyningar og at vi byggjer nye bustader både høgare, tettare og grønare. Oslo skal vere ein klimasmart by, og klimasatsinga skal vere overgripande for fleire sektorar. Det skal bli lettare for Oslo-borgarar å velje klimasmarte løyningar i kvardagen og utnytte høva for energieffektivisering og grøn energi betre.

Vårt Oslo skal vere ein mangfaldig by fri for diskriminering der alle skal få vere den dei er. Verdier som jamstilling og likeverd står sterkt i storbyen, og gir større plass til ulike menneske med ulik bakgrunn og ulike føresetnader. Vi vil jobbe mot all form for diskriminering, og vil gjere Oslo til ein tilgjengeleg by for alle.

Vårt Oslo skal vere ein by der alle kan bu – heile livet. Byen som gir alle som bur her høve til å leve gode, trygge og verdige liv, og til å realisere draumane og håpa sine.

3. Ein by som veks

Stor-Oslo er det området som veks mest i Nord-Europa, og korleis vi planlegg, vil avgjere om vi får ein miljøby for framtida. For Arbeidarpartiet er det naturleg å sjå areal- og samfunnsplanlegging i samanheng. Byutviklinga må vere heilskapleg og langsiktig, og sikre gode levekår, klima- og miljøløyningar, og næringsutvikling.

Arbeidarpartiet meiner det er naudsynt å ta ei meir aktiv rolle i styringa av byutviklinga og ikkje la dette vere opp til marknaden aleine. Som planstyremakt må kommunen ta hovudansvaret for ei god areal- og samfunnsplanlegging. Det betyr at kommunen må leggje betre til rette for ei heilskapleg utvikling som set miljøet og klimaet først, og som utviklar nærmiljø der skular, barnehagar, idrettsanlegg, kollektivløyningar og annan infrastruktur er på plass. Vi ønskjer samstundes velkomen initiativ frå private utbyggjarar. Ei balansert utvikling, med plass til at folk både kan bu, arbeide og bruke nye område, er heilt naudsynt dersom Oslo skal kunne vekse seg betre, ikkje berre større. Byvekst og fortetting av busetjinga skal ikkje skje på kostnad av viktige bymessige kvalitetar som grønne område, kulturminne og lokalt særpreg i bydelane.

Det er naudsynt å sjå hovudstadsområdet i samanheng når det gjeld utbygging og utvikling. Kommunegrensene samsvarer dårleg med eit felles regionalt arbeids- og transportområde, og utbyggingsplanar for nye bustad- og byområde må derfor utviklast i samarbeid med kommunane i Akershus. Samstundes er det viktig at slike nye bustad- og byområde ikkje blir etablerte på kostnad av dyrka mark. Oppvekstmiljøet til barn og unge skal bli lagt stor vekt på i utbygginga av byen. Vi vil gå frå bilbasert byutvikling til ei byutvikling som prioriterer gåande, syklande og kollektivtrafikk. Det skal vere lett å leve utan bil i byen i alle fasar av

livet. Arbeidarpartiet vil realisere vegprosjekt som gir vinstar for miljø og byutvikling, som å byggje Manglerudtunnelen og å leggje E6 gjennom Groruddalen under lokk eller i tunnel.

Vi vil:

- Planleggje utviklinga av nye større bustadområde slik at skular, barnehagar, idrettsanlegg, kollektivløysingar og annan infrastruktur er på plass samstundes som folk flyttar inn
- Fornye drabantbysentera, med eit variert tilbod av næringsliv, bustader og aktivitetstilbod i samarbeid med eigarane
- Sikre bykvalitet gjennom tilgang til grøntområde, kollektivtransport, gode offentlege rom og vern av bygningsmessig kvalitet og lokal identitet
- Gjere bustader, bygningar, anlegg og uteområde meir tilgjengelege ved universell utforming
- Sørgje for at befolkninga har reell påverknad i byutviklingssaker gjennom auka bruk av elektroniske kartløysingar og plansmier
- Leggje til rette for tilstrekkeleg med gravplassar og minnelundar for alle livssyn og religionar

Fleire bustader

Bustadbygging blir ikkje prioritert høgt nok i dag, og det er behov for fleire bustader i Oslo. Utbygginga må nær doblast jamført med takta i dag for å møte befolkningsveksten. For å klare dette må det vere nok tomter tilgjengeleg, byggjesaksbehandlinga i kommunen må bli meir effektiv, og det må bli eit meir forpliktande samarbeid med nabokommunane. Vi vil gi unge menneske større høve til å skaffe seg ein stad å bu. Fleire studentbustader skal vere ein viktig del av bustadutbygginga i byen, både fordi det gir studentar ein god stad å bu, og fordi det dempar presset på bustadmarknaden.

Vi vil skape bumiljø der det er plass til menneske med ulik livssituasjon og økonomi, med varierte bustadtypar i alle delar av byen. Vi vil byggje i randsona utanfor indre by i kombinasjon med ei tettare utbygging rundt kollektivknutepunkta i ytre by og stasjonsnære område.

Vi vil:

- Sikre ei variert bustadsamansetjing og leilegheiter av ulike storleikar i heile byen
- Skaffe fleire kommunale bustader, blant anna ved å nytte kommunens forkjøpsrett, og sørgje for ei betre spreiding av den kommunale bustadmassen
- Finne eigna tomter for bygging av studentbustader, og opne for å feste bort kommunale bustadtomter til bygging av studentbustader i regi av ideelle stiftingar
- Arbeide for at fleire førstegongsetablerarar får reelt høve til å eige eigen bustad gjennom startlån i Husbanken
- Utvide Ungbo-ordninga slik at fleire unge kan skaffe seg bustad
- Prøve ut fleire «frå leige til eige»-prosjekt ved bruk av startlåna og tilskotsordningane til Husbanken
- Arbeide for bygging og etablering av fleire utleigebustader i regi av bustadbyggjelag, stiftingar, ideelle organisasjonar og private aktørar gjennom ei tilskotsordning i Husbanken

- Sikre at småhusplanen ikkje hindrar riktig og naudsynt fortetting
- Utvikle Majorstulokket til eit framtidretta bustadområde i tråd med visjonen om ein grøn by
- At innbyggjarar med nedsett buevne får bustader tilpassa behova sine
- Leggje til rette for etableringa av bukollektiv for personar med utviklingshemming

Eit ekstra løft der utfordringane er størst

I Oslo er det nokre område som har ei større opphoping av levekårsutfordringar enn andre. Det er naudsynt med ein ekstra innsats for å sikre innbyggjarane i byen like moglegheiter og førebyggje store sosiale forskjellar i byen.

Oslo har gått saman med staten om fleire områdesatsingar. Søndre Nordstrand, Groruddalen og Gamle Oslo har blitt tilført midlar for å jamne ut forskjellar i levekår. Områdesatsinga har gitt tiltak som gratis kjernetid i barnehage og i aktivitetsskulen, oppgradering og opprusting av uteområde, og støtte til lokale lag og organisasjonar.

Det er framleis mange uløyste oppgåver i desse områda, og det er ulike utfordringar i dei einskilde bydelane. Områdesatsinga bør bli utvida til fleire område og til ein lengre periode for å verke etter føremålet.

Vi vil:

- Forlengje områdesatsinga i Groruddalen og Oslo Sør i ti nye år
- Utvide satsinga i Tøyen-området til å omfatte alle dei tre bydelane i Oslo indre aust.
- Innføre gratis kjernetid i barnehagane òg for treåringar og utvide ordninga til nye område i takt med utvidinga av områdesatsingane
- Innføre gratis aktivitetsskule som ein del av områdesatsingane og gjennomføre forsøk med gratis skulemat
- Gjennomføre forsøk i områdesatsingane med gratis aktivitetskort som kan nyttast på valfri fritidsaktivitet for barn som er for gamle for aktivitetsskulen

4. Den grønne byen

Klimanøytrale Oslo

Vår tids største utfordringar er dei menneskeskapte klimaendringane. Det må vere eit mål òg for alle norske kommunar at den globale temperaturen ikkje skal auke med meir enn 2 gradar. Ambisjonen vår er at Oslo skal vere den grønne hovudstaden som andre storbyar ser opp til og lærer av. Det at fleire vel å bu i by, er ein del av løysingane på klimaproblemet. For å få ned utsleppa må vi blant anna byggje høgare, tettare og grønare. Vi må leggje til rette for kortare reiseveg til jobb og langt meir bruk av kollektive løysingar. Slik får vi lågare klimagassutslepp, betre luftkvalitet og meir miljøvenleg transport. Målet er å halvere klimagassutsleppa jamført med 1990-nivå i 2020, og at Oslo blir klimanøytralt innan 2050. Effektiv energi- og arealbruk og gode samferdselsløysingar gir ein berekraftig by for framtida.

Arbeidarpartiet ønskjer å stille høgare krav til avfallsreduksjon og gjenvinning overfor næringslivet. Det må lagast ein eigen avfallsstrategi for Oslo.

Vi vil:

- Redusere utsleppa frå transportsektoren ved å auke talet på dei som går, sykklar eller nyttar kollektivtransport
- Etablere grønne tak på fleire nye bygg
- Stille krav om at etter renovering av eksisterande, og oppføring av nye, offentlege bygg skal desse tilfredsstille krava til passiv-, nullenergi- eller plusshus
- Stille krav om at bygg som husar kommunal verksemd, har høg miljøstandard
- Bruke Oslo kommunes posisjon som innkjøpar til å stille høge miljøkrav som inkluderer utslepp frå transport og produksjon ved kjøp av varer og tenester
- Setje strenge krav til tilrettelegging for ladepunkt, sykkelparkering og bildeling ved bustad- og næringsbygg
- Ha som mål at nye skulebygg skal nytte solenergi, og vurdere solenergi ved alle kommunale nybygg, samt ha testpanel på signalbygg for å vise potensialet for solenergi
- Auke kapitalen i Oslos klima- og energifond og utarbeide støtteordning for installasjon av solceller, vindkraft og andre utsleppsreducerande tiltak på bygg

Kollektivløysingar for framtida

Å bu i by gir gode føresetnader for å ta val til det beste for miljøet. I ein moderne by har fotgjengarane, syklistane, trikken og bussen prioritet framfor privatbilen. Vi vil prioritere kollektivtransport høgare i framtidige transportinvesteringar. Vi vil òg at ein større del av bompenginntektene skal gå til kollektivtransport.

Kollektivtrafikken skal vere tilgjengeleg, rask og påliteleg. T-banenettet må byggjast ut i åra som kjem. Blant anna er det behov for ein ny tunnel gjennom Oslo sentrum som dekkjer område som Grünerløkka, St. Hanshaugen og Bislett, ei forlenging til Fornebu og Ahus, og eit tverrsamband i Groruddalen med stasjonar i dalbotnen.

Arbeidarpartiet ønskjer å satse på eit miljøvenleg båttilbod som primært skal bidra til å transportere innbyggjarane til og frå jobb, men òg til rekreasjon på badestrender og på øyane.

Vi vil:

- Byggje ut T-banenettet så det dekkjer fleire befolkningstunge område
- Byggje ferdig Lørenbanen, den nye T-banestrekninga mellom Sinsen og Økern
- Utvide rutetidene til T-banen på kvelds- og nattetid, særleg i helgane
- Sikre rimelege billettprisar på kollektivtransport
- Sikre universell utforming av kollektivtransporten ved innkjøp av nytt materiell
- Styrkje båttilbodet der det kan bidra til å auke kapasiteten og betre tilbodet i kollektivtransporten i rushtida
- Stille krav om nullutslepp frå buss innan 2020
- Stille krav til låg- eller nullutsleppsteknologi i båtane i kollektivtrafikken
- Byggje ut innfartsparkeringar i og rundt Oslo

Sykkelbyen

Arbeidarpartiet ønskjer å få fleire til å sykle til jobb, skule og fritidsaktivitetar. Derfor må vi sørge for at Oslo får ein betre sykkelkultur, slik at alle trafikantar kan ferdest trygt i lag. Vi vil auke delen av reiser i Oslo som blir gjorde med sykkel, til 20 % innan 2025. Vi vil samarbeide med næringslivet for å få fleire til å velje sykkelen til jobb. Vi vil at barn skal kunne sykle trygt til barnehage og skule. Det må byggjast fleire og betre sykkelruter. Arbeidarpartiet skal vere garantist for ei sykkelsatsing som er kontinuerleg og ikkje berre eit avgrensa prosjekt.

Vi vil:

- Byggje eit samanhengande nett av sykkelveggar i heile byen innan 2019
- Få på plass fleire sykkelspressveggar inn mot Oslo sentrum som er kopla saman med sykkelveggar i Akershus
- Integreere sykkelveggar i all vegplanlegging
- Sikre tryggare sykkelveggar, blant anna gjennom merking, fleire sykkelboksar framfor kryss og betre skilting
- I størst mogleg grad skilje sykkelveggar frå annan trafikk, blant anna ved bruk av fleire fysiske skilje
- Utvide bysykkelordninga til heile byen, med fleire sykklar, fleire sykkelstativ og lengre sesong. Vi vil jobbe for å få til ei utleigeordning med e-sykklar i samarbeid med private aktørar.
- Etablere fleire sykkelparkeringar og sykkelhotell
- Gjere veggar som barn bruker til skule og fritidsaktivitetar tryggare
- Opne for å kunne sykle til skulen før 5. klasse

Ein grønar bilpark og eit effektivt vegnett

Arbeidarpartiet ønskjer eit trygt, moderne og effektivt vegnettsystem i Oslo.

Mange i Oslo plagast av støy, luftforureining og kø forårsaka av blant anna tungtransport og privatbilisme. Veksten i transportbehovet må løysast med kollektiv transport, fleire fotgjengarar og auka bruk av sykkel. Samstundes må vi stimulere til at bilparken i Oslo, både privatbilar og nyttetransport, blir meir miljøvenleg.

Vi vil:

- Reforhandle Oslopakke 3. Kollektiv, gang og sykkel skal utgjere hovudsatsinga i ein ny avtale
- Arbeide for at det skal byggjast lokk eller tunnelloysingar over E6 i Groruddalen, og for å realisere Manglerudtunnelen. Lokk eller tunnelloysing blir òg vurdert langs E18 vestover. Løysingane som blir valde, må gi nye grøntområde og bustader
- Nedgradere riksveg 4 Trondheimsveien til lokal veg
- Nytte vegnettet betre ved å innføre tids- og miljødifferensierte takstar i bomringen
- Gjere den indre bykjernen tilnærma bilfri, med unntak for naudsynt transport som transport av rørslehemma, varetransport og kollektivtrafikk
- Utvide gågatenettet i Oslo sentrum
- Auke talet på lade- og tankeastasjonar for elektrisitet, hydrogen og biodrivstoff, særleg utanfor Ring 2
- Etablere eige miljøfelt på E18 vestover, og sikre fleire miljøfelt i Oslo
- Sikre at alle drosjar i Oslo er nullutsleppsilar innan 2020
- Gi klare varsel til befolkninga når luftkvaliteten er for dårleg, og setje i verk effektive tiltak med avgrensing av biltrafikk, som dieselforbod og å setje opp ekstra avgangar i kollektivtransporten
- Etablere fleire faste støymålingsstasjonar langs viktige transportårar og setje i verk tiltak der støyen er for høg
- Ha betre vedlikehald og rehabilitering av kommunale vegar, spesielt vegar der det er kollektivtrafikk og sykkelfelt
- Sørgje for betre snømoking, strøing og rydding i Oslos gater, inkludert fortau, gang- og sykkelvegar
- Hindre at trailerar parkerer i bustadområde gjennom blant anna skilting, samt oppretting av trailerparkering i samarbeid med nabokommunane
- Avgrense gjennomfartstrafikken på vegane i bustadområde

Byen mellom marka og fjorden

Oslos plassering mellom fjorden og marka gir byen eit unikt utgangspunkt. Dette er verdier som vi må ta vare på til det beste for alle innbyggjarane i byen. Vi må samstundes sørgje for god tilgang på grøne område og naturopplevingar òg inne i bykjernen.

Arbeidarpartiet vil sikre god opplysing av grøntområda i byen som gir gode og trygge offentlege rom og møteplassar. Vi vil sikre viktige natur- og friluftsområde som marka, øyane, parkane i byen, vassdrag og strandsona, skape nye turvegar og sørgje for nye grøntområde. Vi skal ha ein rein by, med jamleg avfallstøemming og fleire offentlege søppelkasser.

Vi vil:

- Leggje til rette for idretts- og friluftaktivitet i randsona til marka, utan å svekkje dagens handtering av markagrensa
- Realisere ein nasjonalpark med eit nasjonalparksenter i Østmarka
- Opne fleire av elvane og vassdraga i byen
- Ha meir og betre vedlikehald, avfallstøemming og reingjering i det offentlege rommet
- Utvide kjeldesortering til òg å gjelde i parkar og byrom. Etablere fleire minigjenbruksstasjonar og samstundes vurdere alternative avfallsløysingar, som til dømes avfallssug
- Intensivere arbeidet med å fjerne giftfyllingane i byen
- Ta vare på eksisterande og etablere nye parsell- og kolonihagar

5. Barnas by

Ein god start varer hele livet

Småbarnsfamiliar skal kunne gle seg over å byggje framtida si i Oslo. Eit trygt barnehagetilbod betyr at barn kan oppleve leik, meistring og læring, samstundes som foreldre kan kombinere arbeid og familie.

Pedagogisk kompetanse og tilstrekkeleg med tilsette er det viktigaste for å sikre god kvalitet på barnehagetilbodet. Arbeidarpartiet vil halde på grunnbemanningsavtalen av i dag som sikrar nok vaksne per barn i dei kommunale barnehagane, og arbeide for at dette blir norma i dei private barnehagane. Oslo Arbeidarparti vil sørge for at tilsette i barnehagane får tilbod om og høve til å ta fagbrev eller pedagogisk utdanning, og etablere eit eige pedagogisk tilbod til assistentar.

Barnehagen spelar ei viktig rolle i barns utvikling, og vi vil derfor utvide ordninga med gratis kjernetid i barnehagen i alle område med store levkårsutfordringar. Det er eit mål å få barn over til heildagsbarnehage, som er den beste arenaen for læring og utvikling.

Vi vil:

- Byggje fleire kommunale og private barnehagar for å oppnå full barnehagedekning
- Innføre to barnehageopptak i året som ein start på løpande opptak til barnehagen
- Heve kvaliteten ved å etablere eit eige pedagogisk tilbod til assistentar, samt tilby språkkurs til assistentar som treng det
- Tilby og leggje til rette for utdanning til fagbrev og arbeidsplassbasert barnehagelærarutdanning
- Tilby fleire studieplassar for barnehagestyrarar som vil vidareutdanne seg
- Setje inn vikar ved fråvær av tilsette
- Styrkje og systematisere språkopplæringa i barnehagen
- Stoppe sal og konkurranseutsetjing av kommunale barnehagar
- Vidareføre forsøk med kveldsopen barnehage, og etablere forsøk med helg- og nattopen barnehage for føresette med kvelds-/nattearbeid
- Arbeide for å styrkje kunnskapen blant minoritetsbefolkninga om barnevernet si rolle i samfunnet

Kunnskap gir moglegheiter

Kunnskap og kvalitet skal vere styrande for skulepolitikken og Osloskulen skal vere prega av dyktige lærarar, utvikling og lærelyst. Vi vil ha ein skule som gir like moglegheiter for alle uansett sosial bakgrunn. Gjennom tidleg innsats, tydelege læringsmål og meir tilpassa opplæring skal fellesskulen bidra til å gi alle barn og unge høve til å lukkast. Elevar skal kunne ta fag på høgare nivå, og elevar med lese-, skrive- og rekneferdigheiter under forventa nivå skal få intensiv oppfølging tidleg i skuleløpet. Arbeidarpartiet vil sikre alle ein god nærskule og ha nulltoleranse for mobbing.

Arbeidarpartiet har ambisjonar på vegner av alle barn. Elevane skal bli møtte med tydelege forventningar, og alle elevar skal ha noko å strekkje seg etter. Tida er òg inne for å auke kvaliteten i aktivitetsskulen, og gjere han meir relevant for resten av skulekvardagen. Vi ønskjer eit tettare samarbeid med idrett og frivillige organisasjonar for å bidra til at organiserte fritidsaktivitetar for barn kan skje i tilknytning til AKS-tida.

For at alle elevar skal få så god kvalitet på undervisninga som mogleg, vil vi auke talet på lærarar per elev. Arbeidarpartiet vil at nye lærarar skal få tett oppfølging av ein mentor og tilbod om vidareutdanning på område der dei møter faglege utfordringar. Vi vil leggje til rette for at meir av tida til lærarane kan frigjerast til undervisning. Måling og rapportering må vere på eit nivå der det ikkje går på kostnad av undervisning og oppfølging av elevane.

For mange elevar i Osloskulen gjennomfører ikkje vidaregåande opplæring. Dette er særleg ei utfordring innan yrkesfaga. Det er alvorleg for den einskilde ungdommen, men òg for heile byen som har eit stort behov for fleire fagarbeidarar dei neste åra. Arbeidarpartiet meiner vi treng eit statusløft for yrkesfaga og ein heilskapleg plan for å sikre at fleire ungdommar gjennomfører vidaregåande opplæring. Vi vil prioritere tidleg innsats, spesialundervisning, individuell oppfølging, rådgivarteneste, auka tal på lærlingplassar og eit sterkare samarbeid med næringslivet.

Mobbing og sosial ekskludering kan prege menneske gjennom heile livet. Det fører til dårleg læremiljø og er ei medverkande årsak til at ungdom droppar ut av skulen. Mobbing og utestenging kan starte allereie i barnehagen. Arbeidarpartiet vil at alle barnehagar og skular i Oslo skal ha ein plan mot mobbing, og drive eit aktivt antimobbearbeid både overfor barna, foreldra og dei tilsette.

Vi vil:

- Styrkje moglegheitene for alle elevar gjennom tidleg innsats, tydelege læringsmål og meir tilpassa opplæring
- Seie nei til karakterar i barneskulen, og seie ja til grundige evalueringar
- Tilby leksehjelp på alle trinna i grunnskulen
- Gi elevar høve til å ta fag på høgare nivå
- Tilsetje fleire lærarar per elev, auke og styrkje etter- og vidareutdanninga og utvikle ei mentorordning for nyutdanna lærarar og skuleleiarar
- At norsk skal vere fellesspråket i Osloskulen, og at alle barn skal få norskkunnskapane sine kartlagde minimum to gonger før skulestart
- At det blir arbeid systematisk med språk og ordforråd i alle fag, og at det blir gitt ekstra språkundervisning der det er naudsynt
- Redusere dei sosiale og geografiske forskjellane i Osloskulen ved å sikre at skular med læringsutfordringar får ekstra ressursar og dei dyktigaste lærarane
- Gi fleire elevar høve til å utvikle seg fagleg ved å utvide sommarskulen i Oslo
- Gi skulane høve til å innføre aktivitetar for elevane slik at dei er fysisk aktive 1 time kvar dag
- Det skal vere like økonomiske rammevilkår for alle aktivitetsskulane til kommunen

- Sikre at alle elevar i Osloskulen lærer å symje, blant anna gjennom å innføre 45 timar med symjeundervisning og krav om symjedyktigheit på 200 meter
- Barn skal få gå på nærskulen sin, og vi vil forhindre at søsken må gå på ulike skular
- Leggje fram ein heilskapleg plan for å sikre at fleire gjennomfører vidaregåande skule, og at yrkesfaga får eit statusløft
- Gjenninnføre eit tak på godkjent fråvær i vidaregåande skule
- Gjennomføre forsøk med anonyme læreplassøknader
- Gi tilbod om toårig praktisk opplæring i skulen for elevar som ikkje får læreplass etter fullført teoridel
- Søkje om rett til å innføre politisk fråvær i ungdomsskulen på same vilkår som for elevar i vidaregåande skule

Attraktiv ungdomstid

Oslo skal vere ein god by for dei unge. Barn og unge skal ha moglegheit for ei meningsfull fritid der dei kan opparbeide sosial kompetanse, utvikle ferdigheiter og sjølvtilitt. Vi vil skape betre rammer for ungdomskultur og støtte nye spanande prosjekt skapte av ungdom sjølv.

Fritidsklubbar har ei viktig rolle for mange unge. Dei er arenaer for førebygging for utsett ungdom, og for kulturutøving og kulturopplevingar. For å få gode fritidsklubbar må det satsast langsiktig – både på tilsette og på klubbane som institusjonar. Fritidsklubbane må ha økonomi til å tilby aktivitetar dei unge sjølv etterspør. Vi ønskjer å etablere fleire fritidsklubbar, òg byomfattande. Innhaldet i desse bør utformast i tett samarbeid med ungdommen sjølv.

Helsestasjon for ungdom er eit gratis tilbod til ungdom. Der kan unge få rettleiing om prevensjon og seksuell helse. Dei kan òg få hjelp innanfor psykisk helse og svar på andre helse spørsmål.

Vi vil:

- Vidareutvikle fritidsklubbane slik at dei blir tilpassa behova til dei unge
- Byggje ei ungdomsscene i Kubaparken som ein del av ei heilskapleg satsing på Akerselva
- Gi barnehagar og skular gratis tilgang til museum på dagtid
- Ha eit kulturkort for ungdom og studentar som gir rabatterte prisar på kultur- og idrettsarrangement
- Tilby gratis utlånsordning av sports- og fritidsutstyr til barn og unge
- Utvide opningstidene til helsestasjonane for ungdom, og ha sommarope tilbod
- Styrkje utekontaktane og oppsøkjande team
- Ha forsøk med nedsett stemmerettsalder til 16 år
-

6. Byen som tek vare på deg

Den gode byen å bli eldre i

Oslo skal vere hovudstaden der alle kan bu – heile livet. I åra framover vil talet på eldre auke, og dei vil leve lenger. Det betyr òg at fleire vil trenge hjelp og omsorg.

Dei aller fleste av oss ønskjer å bu i heimen vår så lenge som mogleg. Ei moderne eldreomsorg må leggje til rette for dette. Om få år vil det vere langt fleire eldre med omsorgsbehov. Skal vi klare å møte dette behovet, må vi leggje om heile omsorgstenesta. Vi vil at eldre skal kunne velje mellom ulike buformer, avhengig av ønske og behov. Det må byggjast langt fleire omsorgsbustader, private heimar må leggjast til rette for å møte ein ny livsfase, og vi må ta i bruk ny teknologi. Dette vil bidra til å gi tryggleik, sjølvstende og valfridom for dei som bur heime og har omsorgsbehov.

Situasjonen i heimetenesta i Oslo er ikkje god nok. Det er ikkje tilstrekkeleg med tilsette, og dei får i liten grad tillit til å utføre oppgåvene sine på ein fagleg og forsvarleg måte. Mange eldre opplever òg å måtte ha å gjere med mange ulike personar. Stoppeklokkeomsorga skal erstattast av kvalitet og valfridom. Dei eldre skal i langt større grad få bestemme sjølv korleis den tildelte tida blir nytta. Vi skal tilsetje fleire og organisere tenesta betre, slik at dei eldre får færre personar å halde styr på.

Nye sjukeheimar skal bli bygde med små bueiningar og låg bebuartettleik, og korttidsplassane skal samlast i eigne helsehus. Det skal vere eit godt kultur- og aktivitetstilbod til bebuarane på sjukeheimar. Tilbodet om rehabilitering i helsehusa skal styrkjast.

Vi vil:

- Auke satsinga på den heimebaserte omsorga, og ta i bruk og bidra til utviklinga av nye teknologiske løysingar slik at fleire eldre kan bu lenger heime
- Innføre gratis tryggleiksalarm for alle som treng det
- Gjennomføre forsøk med ei tillitsreform i helsetenesta der dei tilsette jobbar ut ifrå eit heilskapleg syn på behova til den einskilde, og ikkje berre ved måling av einskildoppgåver
- Sikre alle heildøgns omsorgsplass når dei treng det, og auke talet på korttidsplassar på sjukeheimar
- Leggje til rette for omsorg+, eit butilbod som tilbyr tryggleik, sosialt samvær og aktivitet
- Sikre reell medbestemming over eigen kvardag for bebuarane på institusjonar
- Tilsetje fleire geriatriske sjukepleiarar på sjukeheimar og auke talet på sjukeheimslegar
- Styrkje demensomsorga med oppsøkjande team og tilpassa aktivitetar på institusjonar og ved dagtilboda
- Sørgje for at frivilligsentralane og seniorsentera får gode lokale og gode rammevilkår

God helse gir livskvalitet

Helse dreier seg om meir enn å ete sunt og mosjonere. Det handlar òg om utdanning, arbeid, kulturopplevingar, bustad, familie og vener og innhaldet i kvardagen. For oss er det viktigaste å ha ein politikk som førebyggjer at folk får dårleg helse.

Oslo har store utfordringar når det gjeld ulikskap i helsetilstand. Forskjellen på gjennomsnittleg forventet levetid kan variere med opptil 8 år, og er dermed på brutalt vis ein illustrasjon på forskjellar i levekår i byen. Dårlig helse rammar ikkje berre den einskilde, men ofte heile familien. Det er eit sentralt mål for Arbeidarpartiet å jamne ut helseforskjellane i byen.

Samhandlingsreforma gir kommunen eit større ansvar for helsetenestetilbodet. Vi vil i samarbeid med frivillige organisasjonar utvikle eit betre folkehelsestilbod til befolkninga i byen gjennom satsing på frisklivssenter i ulike former i bydelane. Vi treng betre tverrfagleg arbeid mellom primærhelsetenesta og spesialisthelsetenesta og eit heilskapleg førebyggjande arbeid knytt til livsstilssjukdommar, rus og psykisk helse.

Mange menneske vil i løpet av eit liv oppleve å bli psykisk sjuke. Mange psykiske lidingar kan førebyggjast, andre kan med tidleg behandling bli kurerte raskt. Førebygging av psykiske problem skjer gjennom gode fellesarenaer og gode helsetenester som fangar opp dei som slit. Vi vil byggje ut helsestasjonar og skulehelsetenesta, drive utstrekt oppsøkjande arbeid, og byggje opp lågterskeltilbod for psykisk helsevern.

Vi vil:

- Vidareføre og utvikle kommunal akutt døgneining og legevakt på Aker Sjukehus
- Auke tilgangen til habiliterings- og rehabiliteringstenester i kommunal regi
- Auke talet på psykologar og legespesialistar innanfor psykisk helsevern med refusjonsavtale, og etablere fleire forsøk med lågterskeltilbod til psykolog
- Nytte høvet svangerskapskontrollar gir til å fange opp familiar som treng bistand og støtte
- Ha helsesøster kvar dag på kvar skule, og ha god tilgang til psykolog
- Vidareutvikle lågterskeltilbod for barn og unge med psykiske helseproblem

Tiltak mot arbeidsledigheit

Målet vårt er at alle skal kunne klare seg sjølv. Vi trur folk har kraft og vilje til å ta ansvar. Utgangspunktet vårt er at alle menneske er ulike, men alle har noko å bidra med i samfunnet som er verdifullt og nyttig. Derfor skal alle bidra.

Alle har evner, ferdigheiter og moglegheiter som er verdifulle. Men ikkje alle får teke dei i bruk, fordi dei ikkje har blitt utfordra eller møtte med anerkjenning eller forventningar. Sosialhjelpsmottakarar skal motta eit heilskapleg opplegg på tvers av forvaltingsnivå. Einskilde kan trenge rehabilitering, kvalifisering og tilrettelegging. Dette må bli skreddarsydd. Arbeidarpartiet vil ha spesiell merksemd på unge sosialhjelpsmottakarar, som skal få tilbod om eigne og målretta tiltak.

Folk må ikkje oppleve at innsatsen blir styrt av byråkratiske reglar eller system. Vi vil i staden ha fokus på resultat og effekt. Kvalitet i norskundervisning, praksisplassar som fører til ordinær jobb og god koordinerande innsats er viktig.

Arbeid til alle er det viktigaste verkemiddelet mot fattigdom. Svak økonomi svekkjer òg høvet til å delta på fellesarenaer som kostar pengar, til dømes kultur- og idrettsaktivitetar. Det kan gå særleg utover barn. NAV er ein viktig arena for å arbeide med den heilskaplege familiesituasjonen, gjennom å hjelpe familiane til å auke moglegheitene sine for inntekt og sikre gode oppvekstvilkår for barna. Dette er godt førebyggjande arbeid.

Vi vil:

- Sikre at sosialklientar får rett til aktivitet som leier til yrkesdeltaking eller betre meistring i kvardagen
- At sosialhjelpsmottakarar skal få tilbod om målretta tiltak om rehabilitering, kvalifisering, praksisplass og tilrettelegging
- Intensivere innsatsen slik at fleire kjem ut i arbeid etter fullført introduksjonsprogram
- Styrkje norskopplæringa knytt til arbeidstreningsarenaer og arbeidsplassar
- Utvide kapasiteten på og minoritetskompetansen til vaksenopplæringa slik at mange vaksne som treng påbygging og omskulering, får dette i rimeleg tid
- Støtte arbeidsretta dagtilbod som Fontenehuset
- Styrkje NAV sitt arbeid retta mot unge arbeidsledige
- Styrkje barneperspektivet og familiearbeidet i NAV

Ei verdig rusomsorg

Arbeidarpartiet vil ha ein ruspolitikk som førebyggjer rusmisbruk og som gir god hjelp og behandling til dei som utviklar ein avhengnad. Arbeidarpartiet er opptekne av at menneske med rusproblem blir møtte med likeverd og respekt. Hjelp skal bli gitt utan at det blir stilt krav om rusfridom, samstundes som rusfridom må vere eit mål for dei fleste. Barn av rusavhengige må få trygge oppvekstvilkår, og dei pårørande må få meir merksemd. Tilbodet om hjelp og eventuell behandling til pårørande som har behov for det, må styrkjast. Vi vil ha eit kunnskapsbasert rusfelt, der vi endrar det som ikkje verkar, og styrkjer det som verkar. Gode oppvekstvilkår er det viktigaste rusførebyggjande tiltaket. Sosial utjamning og motkjemping av fattigdom er god rusførebygging.

Auka kunnskap, god førebygging og tidleg innsats er sentralt for å redusere rusproblema. Undervisningsopplegget knytt til rus i Osloskulen må styrkjast og handle om meir enn alkohol. Førebyggingsarbeidet i skulane må òg inkludere foreldra.

Altfor mange i Oslo slit med rusproblem. Mange av dei opplever å bli kasteballar mellom ulike offentlege instansar. Ei særleg utfordring er at mange rusavhengige òg har psykiatriske diagnosar og lett fell mellom fleire stolar ved at dei er for psykisk sjuke til rusbehandling, og for rusavhengige til psykiatrisk behandling. Vi vil at rusavhengige skal få tilbod om behandling den dagen dei ønskjer det. Behandlinga bør skje utan avbrot. Ansvarsfordelinga mellom stat og kommune må ikkje stå i vegen for at menneske som treng hjelp, får den naudsynte hjelpa. Rusavhengige skal ikkje trenge å oppleve at saksbehandlingstider eller ventetida til behandling er lang. Vi set menneske føre systema.

Vi ønskjer òg å etablere egne rustiltak retta mot unge rusavhengige. Eit mogleg tiltak kan vere å etablere eit fysisk skilje mellom tilbod til unge og tilbod til etablerte rusavhengige.

Vi vil:

- Koordinere samarbeidet mellom stat og kommune betre for å sikre behandling og oppfølging utan avbrot
- Gjere tenestene til rusavhengige tilgjengelege og utoverretta og dermed tilpassa behova til denne gruppa
- Etablere fleire lågterskeltilbod for rusavhengige, der brukarar både får helse- og sosialfagleg oppfølging
- Fjerne ventetid til kommunale avrusings-, behandlings- og oppfølgingstenester og sikre kontinuitet i behandlingssløpet
- At Oslo kommune skal søkje departementet om å vere forsøkskommune for heroinassistert rehabilitering for dei tyngste rusmisbrukarane i Oslo
- Etablere eigne tilbod retta mot unge rusavhengige, og tilby eigne skjerma akutte og langsiktige butilbod
- Betre tilgang til tannhelsetenester for tidlegare rusavhengige med omfattande tannhelseproblem
- At det blir skaffa koordinator til brukarar med behov for samansette tenester
- Styrkje samarbeidet med dei ideelle aktørane på rusomsorgsfeltet, og med organisasjonane for brukarar og pårørande
- Utvide tilbodet om sprøyterom og ta i bruk røykjerom
- Etablere eit breitt tverrfagleg samarbeid, òg med kriminalomsorga, der ulike soningsalternativ blir vurderte
- Opprette eit overdoseteam i Oslo som blant anna jobbar med oppsøkjande og skadereduserande tiltak på gateplan, utrykking og førebygging av overdosar
- Etablere fleire spesialbustader til personar med dobbelt-diagnosar, altså utfordringar knytte til både rus og psykisk helse

Den trygge byen

Oslo er ein trygg by jamført med dei aller fleste andre storbyar i Europa. Likevel er det mange som opplever ulike gradar av utryggleik. Vi vil at det skal vere trygt å bu og vere i Oslo, til alle tider av døgnet, i gatene og heime.

Tryggleik blir skapt av menneske og av at menneske tek vare på omgivnadene sine. Lange vindaugslause eigedomsrekkjer, byområde utan menneske på kveldstid og mangel på næringsverksemd på gateplan er faktorar som påverkar opplevinga av utryggleik. Vi vil aktivt byggje byen vår på ein måte som bidrar til auka tryggleik.

Manglande opplysing og mangel på synleg politi i gatene kan påverke både kjensla av utryggleik og den faktiske tryggleiken. Vi treng eit meir synleg politi, men vi trur ikkje at utfordringane kriminalitet fører med seg, berre kan løysast med meir politi. Den beste måten å forhindre kriminalitet på er å førebyggje at han oppstår. Vi vil derfor styrkje det kriminalitetsførebyggjande arbeidet. Vi vil satse på SALTO-samarbeidet, som er eit samarbeid mellom kommunen og politiet, og sikre betre oppfølging av tidlegare kriminelle.

Oslo skal vere ein romsleg og mangfaldig by. Vi vil derfor slå ned på alle former for diskriminering og trakassering på basis av kjønn, legning, eller etnisk opphav i byen vår. Vald i familiar og nære relasjonar er kriminalitet og eit samfunnsansvar. Vi ønskjer derfor å intensivere kommunens innsats for å motverke fysisk og psykisk mishandling og overgrep.

Bekymringsmeldingar må bli følgde opp samstundes som barn er på krisesenter. Vi ønskjer òg å ha eigne familiekoordinatorar som følgjer opp familiar som har vore gjennom vald og overgrep.

Nokre jenter og gutar har blitt fråtekne sin grunnleggjande fridom gjennom djuptgripande sosial kontroll og i verste fall tvangsekteskap. Dette er uakseptabelt. Vi vil ikkje finne oss i at unge blir fråtekne dei grunnleggjande rettane sine. Det er viktig å førebyggje radikaliserings og valdeleg ekstremisme blant unge i Oslo, same kva ideologi som fører dei til aksept av politisk motivert vald. Ein sentral arena for førebyggingsarbeidet er SALTO-prosjektet, som førebyggjer ungdomskriminalitet generelt og rus. SALTO-prosjektet samarbeider og koordinerer ulike tiltak og kommunale verkemiddel, og har kontakt med politiet, for å fange opp ungdom på veg ut i uheldige livsval som kan føre til kriminalitet. Særleg viktig er det å følgje opp framandkrigarar som kjem tilbake til det norske samfunnet.

Vi vil:

- Aktivt bruke tryggleiksindeksen til å målrette innsatsen der behova er størst
- Arbeide for eit synleg og tilgjengeleg politi
- Tilsetje fleire Oslo-vakter og støtte opp om Natteramnane, som bidrar til tryggleik og førebyggjer kriminalitet
- Sørge for meir og betre opplysing i heile byen
- Styrkje brann- og beredskapsarbeidet i Oslo
- Styrkje arbeidet mot vald i familiar og nære relasjonar ved å skape eit breitt samarbeid mellom kommunen, krisesentera og politiet
- Lage ein lokal plan på basis av regjeringas nasjonale handlingsplan for arbeid mot radikaliserings og valdeleg ekstremisme
- Sikre at barn og unge som utfører kriminalitet eller er i faresona, får tett og forpliktande oppfølging av kommunen gjennom SALTO-programmet
- Utvide mandatet til SALTO til å òg handle om førebygging av radikaliserings og valdeleg ekstremisme. Dette må innebære auka løyvingar til SALTO, slik at dei er rusta for oppgåva.
- At SALTO byggjer eit nettverk av unge vaksne førebilete, med og utan innvandrarakgrunn, som kan nyttast som samtalepartnarar for unge på veg inn i radikalisererte miljø. Erfaringar frå tidlegare EXIT-program i Noreg viser at samtale som verktøy kan få personar til å snu, frå radikaliserings til demokratiske verdiar.
- At det blir lagt til rette for nettverk for foreldre med unge i risikosona for radikaliserings, der foreldre kan hente erfaringar frå kvarandre og få kvalifiserte råd. Slike nettverk kan òg gjere at foreldre kjenner seg trygge til å kontakte politiet dersom ungdommane deira er på veg inn i eit potensielt farleg miljø.

7. Den levande byen

Aktivitetsbyen

Vi vil at alle i Oslo skal ha gode høve til å delta i idretts- og friluftaktivitetar. Idrett legg grunnlaget for god helse, fellesskap på tvers av sosiale og økonomiske skilje og samhald. I Oslo skal det vere lett å leve aktive liv, uavhengig av fysikk, alder, bakgrunn og økonomi. Gode kommunale støtteordningar er ein føresetnad for ei mangfaldig og aktiv idrettsrørsl.

Oslo skal vere ein tilgjengeleg by for alle innbyggjarane. Alle skal vere sikra deltaking og ha like høve til å kunne ta del i tilboda i byen. Bygningar, offentlege rom og kollektivtrafikk skal vere tilgjengelege slik at alle kan delta på like vilkår.

Oslo treng fleire idrettsanlegg. Vi vil byggje fleire nærmiljøanlegg, som ballbingar, cricketbanar, skateboardramper og anlegg for skileik. Oslo har eit særleg ansvar for breiddeidretten og for å sikre at barn og unge har gode rammevilkår og god tilgang til anlegg. Mange eksisterande anlegg og kunstgrasbanar er i for dårleg stand, og vi må sørgje for at desse jamleg blir haldne ved like for å hindre forfall.

Talet på bad har i mange år stått stille, sjølv om vi er blitt langt fleire innbyggjarar. Vi vil derfor både byggje nye bad, og utvide kapasiteten og opningstidene ved eksisterande badeanlegg. I tillegg vil vi opne att bad som no er stengde.

I vintersesongen trengst det tilrettelegging for fleire skøytebanar og oppkøyring av skiløyper i dei store byparkane. Vi vil òg at marka i større grad blir lagd til rette for fysisk aktivitet.

Vi vil:

- Investere i fleire idretts- og næranlegg. Dette gjeld særleg fleirbrukshallar, symjeanlegg, skianlegg og ishallar
- Som hovudregel byggje fleirbrukshall ved nybygg og rehabilitering av skular
- Vidareføre gratis hall- og baneleige for barn og unge i Oslo kommune
- At det skal vere gratis å leige skular som lokale for barne- og ungdomsorganisasjonar
- I samarbeid med idretten lage ein gjennomføringsplan for investeringar i idrettsanlegg som låg inne i planane for OL i 2022
- Setje i gang føreprosjektering av nytt Jordal Amfi, skøytehall på Valle Hovin og idrettshall på Mortensrud
- Byggje ny cricketbane med internasjonal standard
- Byggje nytt bad på Stovner, og starte arbeidet med to nye områdebad i Oslo sør og vest
- Byggje nytt hovudbad på Tøyen, og gjere om Frognerbadet til heilårsbad
- Styrkje Lillomarka som friluftslivs- og skiidrettsområde og byggje ut Lillomarka Arena som nærmiljøanlegg
- Fullføre kyststien langs fjorden
- Sikre at strandsona er tilgjengeleg for ålmenta
- Gjere det enkelt for frivillige lag og organisasjonar å søkje om kommunale midlar
- Sikre støtte til Norway Cup

- I samarbeid med idretten utarbeide nye tiltak retta mot jenter som aukar rekrutteringa og som bidrar til at jenter er aktive i idretten lenger
- Installere treningsapparat i offentlege parkar og grøntområde
- Etablere fleire leikeplassar i Oslo

Kulturbyen

Dei skapande og kreative kreftene som gjer Oslo til ein spanande kulturby skal få meir rom, og saman med eldsjeler over heile byen skal vi skape ei sterkare dugnadsånd gjennom frivillig engasjement.

Vi ønskjer at Oslo òg skal vera Noregs kulturelle hovudstad. Vi treng kultur som utfordrar, sameiner og får oss til å strekkje oss – som individ og i fellesskap. Samstundes er eigenverdien til kulturen udiskutabel. Derfor skal alle ha tilgang til Oslos rike kulturtilbod uavhengig av sosial bakgrunn og etnisitet.

Vi vil støtte opp om det frivillige musikk- og kulturlivet i byen vår, med særleg fokus på det lokale kulturlivet i nærmiljøa der folk bur. Som eit ledd i satsinga på Oslo indre aust vil vi skape eit «barnas Tøyen». Dei frivillige miljøa skal oppleve at kommunen spelar på lag med dei.

Kulturskulen er ein viktig inngangsport for barn til eigen aktivitet og glede over kultur vidare i livet. Vi vil derfor arbeide med å vidareutvikle kulturskulen slik at han når betre ut i bydelane og til alle barn uavhengig av bakgrunn.

Folkebiblioteka forvaltar eit stort og viktig ansvar for å gi alle tilgang til kunnskap. Det nye Deichmanske hovudbiblioteket i Bjørvika skal vere spydspissen i å ta i bruk ny teknologi, og må utfordre rammene for kva vi tradisjonelt assosierer med eit bibliotek. Ved sida av primæroppgåvene skal biblioteket òg bli ein arena for interaksjon og opplevingar. Vi vil òg ta vare på og vidareutvikle filialane ute i bydelane der folk bur. Sjølvbetening utanfor ordinær opningstid vil sikre auka tilgang for innbyggjarane.

Vi vil:

- Oppretthalde minst éin bibliotekfilial i kvar bydel
- Auke tilgjengelegheita til biblioteka ved å innføre sjølvbetening utanfor ordinær opningstid
- Sikre vidare bruk av det gamle hovudbiblioteket Deichmanske på Hammersborg torg som eit nytt kulturhus for Oslo med scener, utleige og aktivitet til befolkninga i alle aldrar
- Oppretthalde støtta til Litteraturhuset, med særleg vekt på tiltak retta mot barn og unge
- Forenkle og forbetre søknadsprosessane til tilskotsordningane til kommunen
- Byggje ut kulturskuletilbodet i alle bydelar
- Sikre at korps, kor og andre lokale kulturaktørar har tilfredsstillande øvingslokale og lagringshøve på skular i nærmiljøet
- Planleggje for kulturaktivitetar når nye skular blir bygde og skular blir rehabiliterte
- Tillate nokre fleire sentrumsnære område å tilby kulturopplevingar som kan påverke lyd- eller gatebiletet i korte periodar
- Gjere om Oslo kretsfengsel til eit vekstsenter for kultur og næring

- Vidareutvikle Akerselva miljøpark med unik tilgang til natur og historie
- Støtte filmfestivalar, alternative filmscener og produksjonsmiljø
- Etablere ein kino for kunst- og dokumentarfilm i Oslo, i samarbeid med filmmiljøet
- Oppretthalde og vidareutvikle Oslo Nye Teater
- Auke vedlikehaldet av Mellomalderbeltet for å sikre historia og god byutvikling, inkludert ruinane i Gamlebyen. Utvikle og fremme Mellomalderbeltet til ein heilskapleg attraksjon og ei stoltheit
- Leggje til rette for at det blir bygd eit akvarium i Oslo

Ein betre kommune

Oslo kommune er ein av dei største arbeidsgivarane, eigedomshavarane og utbyggjarane i landet. Alle innbyggjarane i Oslo treng tenester leverte av kommunen. Målet vårt er å utvikle ein serviceinnstilt og fleksibel kommune som leverer tenester av høg kvalitet. Det stiller store krav til seriøsitet, ansvar og god framtidsretta økonomistyring. Da trengst det òg ubyråkratiske løysingar, tett samarbeid med dei tilsette, organisasjonane deira og ein god arbeidsgivarpolitikk.

Målet vårt er å sikre best mogleg tenester til innbyggjarane i byen, uavhengig av kven du er, bakgrunnen din, kvar du bur eller storleiken på lommeboka. Ein sterk og moderne offentleg sektor som tilbyr gode, effektive tenester, er det viktigaste verkemiddelet for å nå dette målet. Ressursane fellesskapen nyttar på velferd, bør gå til best mogleg kvalitet på tenestene. Kvaliteten blir blant anna påverka av arbeidsvilkåra til dei tilsette. Arbeidarpartiet ønskjer ikkje anbudsprosessar der det blir konkurrert om løns- og arbeidsvilkåra til dei tilsette. På kjerneområde som helse, skule og eldreomsorg skal det vere gode offentlege tilbod som omfattar alle. Grunnleggjande velferdstenester skal ikkje privatiserast eller kommersialiserast.

Arbeidarpartiet vil vere leiande i arbeidet for å få reell jamstilling og bidra til å gjere Oslo til ein tolerant og open by. Alle skal ha dei same rettane, pliktane og moglegheitene uavhengig av etnisk bakgrunn, kjønn, religion, funksjonsevne eller seksuell legning. Vi vil aktivt nytte Oslo kommune sin posisjon som ein av dei største arbeidsgivarane i landet til å oppnå jamstilling, inkludering og mangfald blant dei tilsette i kommunen. Vi vil aktivt arbeide mot diskriminering av lesbiske, bifile, homofile og transpersonar, og opne for vigsel av homofile og lesbiske i Rådhuset.

Vi vil:

- Sikre at Oslo kommune utøver ein aktiv og god eigarskap og held på eigarskapen i viktige selskap som Oslo Sporveier, Hafslund og ECO
- Halde på rettane til vass- og avløpsnett og samt forbrennings-/fjernvarmeanlegg, deriblant anlegget på Klemetsrud, i regi av kommunen
- Fremme kvalitet, innovasjon og nytenking på alle nivå i tenesteproduksjonen, blant anna ved å fulldigitalisere Oslo kommune
- Vere ein langsiktig, motiverande og føreseieleg arbeidsgivar, og leggje arbeidet til rette for tilsette med funksjonsnedsetjingar

- Sikre gode og føreseielege løns- og pensjonsvilkår for dei tilsette i kommunen
- Tilby flest mogleg heile og faste stillingar, og fjerne ufrivillig deltid
- Sørgje for at dei tilsette har gode norskkunnskapar ved å tilby språkopplæring i tilknytning til arbeidet
- At verksemdene til kommunen skal ta inn lærlingar der det er mogleg, samt stille krav om lærlingar ved anbudsutsetjing
- Rekruttere fleire med minoritetsbakgrunn til leiarstillingar i kommunen
- Redusere og kvalitetssikre konsulentbruken i Oslo kommune for å sikre at kommunen har rett kompetanse og ein effektiv ressursbruk
- Nytte høva kommunen har som ein stor innkjøpar til å stille krav til miljø, fagopplæring og samfunnsansvar ved kjøp av varer og tenester
- Bidra til ei opprydding i byggenæringa, ved at kommunen som byggherre stiller krav til innsyn i underentreprise, at arbeidet i all hovudsak blir utført av entreprenørane sine egne tilsette, lærlingar i alle byggjeprojekt og betre kontroll og oppfølging av kontraktane til kommunen
- Sikre at alle kontraktane til kommunen stiller krav til gode løns-, pensjons- og arbeidsvilkår
- Stille krav til høgare miljøstandard, anstendige arbeidsvilkår, løn og ryddige kontraktsforhold i leige-, renoverings- og byggjeprojekt
- Innføre klare reglar om utestenging frå framtidige og pågåande oppdrag ved alvorlege brot på innkjøpsavtale eller arbeidsmiljølova
- Kontraksregulere og innføre effektive sanksjonar for å førebyggje og kjempe mot alle former for sosial dumping
- Sikre tilstrekkeleg med arbeidsplassar til yrkesvalshemma
- Halde på ordninga med bydelar i Oslo og styrkje lokaldemokratiet. Vi vil gjennomføre ein gjennomgang av oppgåvefordelinga mellom bydelane og kommunen
- Betre kommunens økonomiske handlingsrom ved å arbeide for auka statlege overføringar til Oslo

8. Den skapande byen

Frå idear til etablering

Befolkningsveksten krev større verdiskaping og fleire arbeidsplassar.

Kunnskapsinstitusjonane og det mangfaldige næringslivet i hovudstaden kan bidra til innovasjon og utvikling, som igjen vil gi arbeid til fleire. Arbeidarpartiet vil føre ein aktiv og miljøvenleg næringspolitikk som støttar opp om dei innovative miljøa. Oslo må vere ein aktiv næringskommune – med tiltak som bidrar til at forskingsidear blir omsette i nye bedrifter og produksjon.

Arbeidarpartiet vil derfor fremme tiltak for betre rammevilkår for gründerar og etablere og stille auka krav til at statlege verkemiddel òg omfattar storbyane.

Eit godt næringsliv er avhengig av ei effektiv kommunal forvaltning. Samspelet med offentlege tenester er avgjerande i eit moderne teknologisk samfunn. Særleg små og mellomstore

bedrifter krev rask saksbehandling. Oslo kommune må vere ein aktiv partner og involvere næringslivet i regel- og systemendringar som spesielt gjeld desse bedriftene.

Arbeidarpartiet vil òg leggje til rette for dei veksande kulturnæringane, som kan bidra til å gjere næringslivet kreativt, innovativt og omstillingsdyktig. Eit velfungerande næringsliv krev ein effektiv infrastruktur, eit godt utbygd vegnett og gode kollektivløysingar. Veksten i varetransporten treng nye, stabile og miljøvenlege transportalternativ. Arbeidarpartiet vil satse på grøn varedistribusjon.

Privat tenesteytande sektor er ei næring i sterk vekst og er den næringa som sysselset flest arbeidsdeltakarar i Oslo. Sektoren må få naudsynte verktøy og rammevilkår for å stimulere fleire seriøse aktørar til å etablere seg i byen vår og bidra til ei sunn utvikling i bransjen. Arbeidslivskriminalitet må motkjempast for å unngå ulovlege og konkurransevridande verkemiddel, og samstundes hindre at helse-, miljø- og tryggleikssyn blir sette til side. Fagutdanning og tilrettelegging for fleire lærlingplassar vil gi både auka produktivitet og seriøsitet i denne næringa.

Vi vil:

- Sikre ei god etableringsteneste, der personar som ønskjer å starte eiga verksemd, får god og riktig rettleiing til rett tid. Tilbodet må ha informasjon på fleire språk
- Bidra til utvikling av lokale gründerfond og ei eiga inkubatorsteneste
- Satse på ungt entreprenørskap i skulen, med mål om at alle skular deltek
- At Oslo skal vere ein god vertskommune for kunnskapsmiljøa i byen og omsetje forskingsresultat til aktiv næringsutvikling
- Etablere betre næringspolitiske samarbeid i Osloregionen og utvide Oslo Business Region til fleire kommunar og fylke
- At Oslo utviklar globale kunnskapsnav innanfor næringane finans, helse, miljø, fornybar energi, subsea, maritim og bioteknologi
- Utvikle Oslo Innovation Week til ein internasjonalt leiande og relevant arena for entreprenørskap, innovasjon og nyskaping
- Styrkje forskings- og innovasjonssamarbeid mellom akademia, helsesektorar, Oslo kommune og næringsliv for å skape meir effektive og brukarorienterte tenester
- Samarbeide med andre kommunar i regionen om utvikling av hamn og godsterminal for Austlandet som sikrar ein miljøvenleg godstransport
- Etablere eit tverretatleg prosjekt for å kjempe mot arbeidslivskriminalitet
- Opprette samarbeidsforum mellom utelivs- og restaurantbransjen, bevillingsutferdarar, næringsetaten og politiet
- Arbeide for å få meir seriøse forhold i skjenkjenæringa
- Mindre alvorlege forhold knytte til skjenkjereglane kan bøteleggjast som åtvaring før eventuell inndraging av bevilling
- Gi skjenkjestader karantene ved utilbørlege forhold knytte til konkursrytteri, skattesvindel, kvitvasking, diskriminering og andre kriminelle forhold
- Styrkje arbeidet gjennom Visit Oslo med å profilere Oslo som destinasjon både for tilreisande og eigne innbyggjarar

- Profilere Oslo som destinasjon for fleire internasjonale kongressar og arrangement, og arbeide for etableringa av eit nytt stort kongressenter i Oslo
- Etablere ny cruiseterminal og sørgje for gode kommunikasjonsløysingar for passasjerane
- Styrkje samarbeidet med Oslo Handelskammer
- Etablere eit sentrumssamarbeid mellom gardeigarar, kommune, handels- og servicenæringane for å profilere Oslo sentrum betre, koordinere aktivitetar og sikre betre varelevering for handelen

Eigedomsskatt

Vi vil i neste periode gjennomføre ei ekstraordinær satsing på eldreomsorga for å sikre at eldre kan bu heime lenger. Samstundes vil vi setje inn langt større ressursar for å ha nok, gode og trygge barnehageplassar.

For å finansiere dette vil vi innføre ein moderat eigedomsskatt. Inntektene skal gå til denne satsinga.

I denne perioden vil ein moderat eigedomsskatt på tre promille for privatbustader bli innført, og med eit botnfrådrag på 4 millionar kroner.

Vi vil starte taksering av næringseigedom for å innføre eigedomsskatt.

Gjelda til Oslo kommune aukar sterkt og vil halde fram med å gjere det i mange år framover. Skal vi få til ei heilt naudsynt og ekstraordinær satsing på eldreomsorga og barnehagane, er vi heilt avhengige av å auke inntektene til Oslo.